



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

Marit Espeland
Bjørgedalen 184 D

5141 Fyllingsdalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2022/4627-3		20.11.2022

Tilbakemelding - tilstandskontroll av spillvassleidningar - 81/116

Viser til tidlegare kommunikasjon.

Kvinnherad kommune har gjennomført ein tilstandskontroll av kommunale spillvassleidningar ved eigedomen 81/116:

- Spillvassleidningane vart etablert i 1971.
- Spillvassleidningane er laga av PVC materiale. Dette er av same kvalitet på røyr som vert etablert i 2022.
- Driftspersonell har køyrt kontroll i røyr og kummar med kamera, og det er ikkje avdekka avvik. Spillvatnet graviterer fint, ingen oppstuing og ingen lekkasje avdekka.

Me avkreftar difor Dykkar spørsmål vedr. alder og kvalitet på spillvassrøyrane (avløp). Kvinnherad kommune ligg heller ikkje etter med vedlikehald/utskifting i dette området.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide
Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.